



TOMMY BÅRDSSEN
Opptun Reikeråsvegen 198
5913 EIKANGERVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

Svar på klage - produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket 2021 - Tommy Bårdsen

Vi viser til klaga di, dagsett 19. februar 2022, på Alver kommune sitt vedtak om produksjonstilskot 2021. Alver kommune sende klaga til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd i brev dagsett 2. mars 2022.

Vedtak

Klaga vert ikkje teken til følge. Statsforvaltaren opprettheld Alver kommune sitt vedtak. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9.

Bakgrunn

Føretaket Tommy Bårdsen driv med hald av sau i Alver kommune. Du klagar på vedtak om avkorting av avløysartilskotet for 2021.

Du leverte søknad om produksjonstilskot i mars og oktober 2021. I søknaden for oktober førte du opp kr 21.690,- i refusjonsgrunnlag. Kommunen hadde lagt inn kontroll av avløysarutgifter i kontrollplanen sin, då dei ser det som ein risiko at føretak søker om feil sum avløysarutgifter til refusjon. Du vart trekt ut til dokumentkontroll av avløysarutgifter og hadde frist til 10. januar 2022 å sende inn naudsynt dokumentasjon. Du sendte inn dokumentasjon 8. januar. Ved kontroll av innsendt dokumentasjon fann kommunen at du ikkje hadde brukt meir enn kr 17 428,- til avløyning for året 2021. Godkjent tilskot vart då retta til kr 17 428. I tillegg avkorta Alver kommune deg med kr 4.262,-, same sum som er differanse mellom omsøkt og godkjent sum avløysarutgifter.

Du peikar på at du saknar rettleiing frå kommunen i dette tilfellet. Hadde du fått beskjed, ville du ha ordna opp og sendt ny melding med rette opplysningar. Kommunen svarar at dei vil ta til seg kritikken og prøve å forbetre rettleiing til seinare.

Regelverk

I følge *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket* (forskrifta) går det fram av § 12 at «dersom foretaket uaktsomt eller forsettlig har gitt feil opplysninger i søknaden som har eller ville



dannet grunnlag for en urettmessig utbetaling av tilskuddet for seg selv eller andre, kan hele eller deler av det samlede tilskuddet som tilfaller foretaket avkortes. Tilskuddet kan også avkortes dersom foretaket ikke overholder de frister som kommunen, statsforvalteren eller Landbruksdirektoratet har satt for å kunne utføre sine kontrolloppgaver i medhold av § 10.»

For å bli avkorta i tilskot må føretaket ha gjeve ei feilopplysning som har eller ville ha danna grunnlag for urettmessig utbetaling av tilskotet. Vidare må føretaket ha handla aktlaust eller med forsett.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren skal, som klageinstans, sjå til at kommunen under si handsaming av saka har følgd dei lover, forskrifter og sakshandsamingsreglar som gjeld på området. Statsforvaltaren kan ved klagehandsaminga prøve alle sider ved saka, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34.

Det er klaga innan fristen.

Kommunen har funne at det er ein differanse på kr 4.262,- mellom sum omsøkt og sum dokumenterte avløyсарutgifter og med bakgrunn i det avkorta tilskotet med den aktuelle summen. Alver kommune har vurdert skuldgrada til å vere simpelt aktlaust og avkortar ikkje meir enn den summen feilføringa ville ha gjeve i meirutbetaling av tilskot.

Vi kan ikkje sjå at kommunen har gjeve manglande informasjon til deg som søkjar. Det er søkjar sitt ansvar å halde seg oppdatert på gjeldande regelverk og å søkje om rett tilskot.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG